



**DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT**

*Næringsministeren*

Sunnmøre Regionråd  
post@sunnmoreregionrad.no

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/4836-5

9. juni 2020

## **Innspel om møbelindustrien på Sunnmøre**

Eg viser til e-post datert 18. mai 2020 med innspel frå Sunnmøre Næringsråd om møbelnæringa og rammevilkår og samarbeid for kompetanse og innovasjon og ei berekraftig utvikling. Det er også synspunkt på ordninga med statsgaranterte likviditetslån, på permitteringsreglar og redusert arbeidsgjevaravgift for distriktskommunar.

Eg takkar for innspelet og orienteringa om møbelindustrien på Sunnmøre. Eg har merka meg synspunkta. Vi kan informere om at vi òg har sendt innspelet til Arbeids- og sosialdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet slik at dei er informerte.

Regjeringa følgjer med på konsekvensane av dei tiltaka som er sette inn som følge av koronautbrotet. Det har kome mange tiltak for å avhjelpe situasjonen for næringslivet, og mange av desse er relevante også for møbelindustrien. Vi har mellom anna auka dei økonomiske rammene mykje for mange ordningar som blir forvalta av Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd, SIVA og GIEK.

Regjeringa la 29. mai 2020 fram ein proposisjon med ein strategi for dei økonomiske tiltaka for fase 3 - Noregs veg ut av krisa, og med ei rekkje ytterlegare tiltak som er viktig for industrien. Sentralt i proposisjonen er tiltak for styrking og fornying av privat næringsliv, grønn omstilling og å sikre fleire bein å stå på. I proposisjonen foreslår vi mellom anna å løyve 3,6 mrd. kroner over tre år til tiltak for grønn vekst og grønn framtid.

Når det gjeld garantiordninga for banklån har bankane sin bruk av ordninga til no hjelpt til at om lag 2 700 bedrifter over heile landet har fått tilgang til nødvendig likviditet. Sidan ordninga rettar seg generelt mot næringslivet, kan den hjelpe til å dekkje likviditetsbehov også i andre næringar enn dei som har hatt det største behovet til no. Dersom det skulle bli behov for det, kan Finansdepartementet fordele ramma mellom bankane på nytt, slik at delar av den ikkje blir liggjande ubrukt hos mindre aktive bankar. Garantiordninga gjaldt i utgangspunktet nye lån frå 27. mars 2020 og fram til 1. juni 2020. Etter forskriftsendring 26. mai 2020 er ordninga inntil vidare forlengd ut året.

Møbelindustrien på Sunnmøre er avhengig av eksport for å utløyse vekst. Eg vil derfor til slutt vise til at for å støtte norsk næringsliv gjennom og etter koronakrisa har regjeringa også starta arbeidet med ein eksporthandlingsplan. Formålet med planen er å bidra til at norske bedrifter opprettheld, og aller helst aukar, eksporten.

Med helsing



Iselin Nybø